

## Budsjett 2023

Medisinsk klinikk  
Helse Førde HF

# INNHALD

1	Samandrag.....	4
2	Status og omstilling.....	5
3	Økonomi.....	9
	<b>Føresetnader i budsjett 2023:</b> .....	9

<b>Prisendring 2023</b>	
Lønsvekst - 4,2%	25 784
Justering pensjonskostnad	7 101
Prisvekst kostnader - 3,0%	7 967
Prisjustering ISF - 3,65%, reduksjon ISF refusjon frå 50% til 40%	56 699
Prisendring andre inntekter - 3,8%	- 3 665
<b>Sum prisendringar 2023</b>	<b>93 886</b>

..... 9

**Basistilskot 2023:** ..... 9

Med bakgrunn i gitte føresetnader, blir ramma for klinikken som følgjer:..... 9

- Det er overført 1,5 stilling frå medisinskteknisk avdeling (teknikar ressurs) til medisinsk heimebehandling. Ramme på kroner 900.000 er tilført medisinsk klinikk. .... 10

**Budsjett 2023:** ..... 10

Det er utarbeidd eigen overordna ROS-analyse for tiltaka i klinikken, sjå kapittel 7..... 12

**4 Aktivitet**..... 13

Aktivitet - Medisinsk Klinikk		Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Plan 2022	Plan 2023	Endring B23 - B22
DRG-poeng dag/døgn/poliklinikk	A	13 571	12 886	13 328	13 509	13 849	<b>13 790</b>	-59
DRG-poeng H-resept	A	1 711	1 827	1 723	1 980	1 921	<b>1 980</b>	59
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar), B	B	164	193	235	199	237	<b>237</b>	0
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	A+B	15 446	14 907	14 907	15 688	16 007	<b>16 007</b>	0
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feilinn	C	40	15	15	25	25	<b>25</b>	0
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	15 322	15 322	15 322	15 514	15 795	<b>15 795</b>	0
Tal dagbehandling		9 341	9 708	10 214	9 299	10 100	<b>9 300</b>	-800
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		9 934	9 431	9 841	9 712	10 000	<b>10 000</b>	0
Tal polikliniske konsultasjonar		52 634	51 952	56 432	54 880	55 800	<b>54 880</b>	-920

..... 13

**5 Bemanning**..... 15

**Månadsverk:**..... 15

**Sjukefråvær:**..... 16

Sjukefråværet i medisinsk klinikk hadde ein auke i 2022, spesielt i vinter/vår. Målet for klinikken er å ha rundt 6 prosent fråvær. Arbeid med HMS og sjukefråvær er eit av dei viktige fokusområda i klinikken i 2023. .... 16

.....	16
6. Budsjettprosess.....	17

# 1 Samandrag

Medisinsk klinikk legg til grunn eit netto basistilskot på 617 807 000 kroner for 2023.

## Budsjettekniske føresetnader

Det er tatt omsyn til føringar som gjeld endring i kostnadsbilete for drifta i 2023:

Lønskostnader er justert med 4,2 prosent.

Driftskostnader er justert med deflator på 3,0 prosent.

Inntekter er generelt justert med deflator på 3,8 prosent.

Inntekter frå innsatsstyrt finansiering (ISF) er auka med 3,6 prosent.

Endring ISF frå 50 prosent til 40 prosent.

## Driftsøkonomi

Med utgangspunkt i ei vidareføring av budsjett for medisinsk klinikk i 2022, samt eit innsparingskrav på 7,161 millionar kroner grunna auka investeringsbehov og felleskostnader i Helse Førde, har ein komme fram til følgjande basistilskot for 2023:

<b>Basistilskot 2023 Medisinsk klinikk</b>	
<b>Basistilskot budsjett 2022</b>	<b>518 113</b>
Realendring	7 700
Overføring ramme til/frå Stab og støtte, netto	35
Styrking lønnsoppgjer 2022	5 234
Krav til innsparing	- 7 161
<b>Sum budsjettendring</b>	<b>5 808</b>
Prisendringar	93 886
<b>Sum basistilskot 2023</b>	<b>617 807</b>

Den største delen av prisendring, er endra ISF-finansiering frå 50 prosent til 40 prosent. Risikoen i inntektsbudsjettet er moderat då det meste av aktiviteten/inntektene til klinikken er knytt opp mot øyeblikkeleg hjelp på tre sjukehus, samt drift av laboratoria/røntgen for å kunne støtte opp om klinisk aktivitet i helseføretaket og kommunane.

Største risikoen i 2023-budsjettet er auke i medikamentkostnader knytt til kreft og H-resept og fortsatt vekst i kostnader knytt til medisinsk heimebehandling.

Innsparingstiltaka i budsjett 2023 blir vurdert som realistiske. Endringar i rekrutteringssituasjonen er den største risikoen innan personalområdet.

## Aktivitet

Utgangspunktet for aktivitetsplan 2023 er ei vidareføring av plan for 2022. Grunna koronapandemien kan oppnådd aktivitet i 2020-2021 ikkje nyttast som grunnlag for plan 2023.

## 2 Status og omstilling

Medisinsk klinikk har kliniske og diagnostiske avdelingar.

Dei diagnostiske avdelingane for radiologi, patologi, mikrobiologi, medisinsk biokjemi med blodbank samt avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenester yter særvis til begge somatiske klinikkar, psykisk helsevern og kommunane.

**Radiologisk avdeling.** Skifte av MR-maskin ved FSS har medført redusert MR-kapasitet i store delar av 2022. Ny og moderne 3 tesla MR ved FSS betyr mykje for våre pasientgrupper frå 2023. I desember 2022 får legar og radiografar opplæring og maskina går inn i drifta. Normalisering av MR-kapasiteten er viktig sidan etterspurnaden etter CT- og MR-undersøkingar stadig er aukande. Behovet for enklare diagnostikk – typisk konvensjonelle røntgenundersøkingar – er tilsvarande fallande. Rekruttering er ei hovudutfordring i drifta av avdelinga, både når det gjeld spesialistar innan radiologi, LIS 3 og radiografar. Dette har betra seg noko i slutten av 2022, men hovudfokus i året som kjem vert å arbeide godt med å rekruttere nye legar og radiografar, og å halde på dei som allereie er ved avdelinga.

Radiologisk avdeling fekk på plass løysing for innsjekk og betaling (Imatis) på FSS i september 2022, og betalingsløysinga i november 2022 ved NSH og LSH. Vi vil gjennom forenkling og effektivisering dra nytte av dette framover.

Omfanget av deltaking i nasjonale, regionale og lokale forskningsprosjekt/-studiar auka vesentleg i 2022, og aktiviteten vil også prege året som kjem. Avdelinga bidreg i studiar innan kreftforskning og demens/alzheimer.

I starten av 2023 startar eit forskingsprosjekt på bruk av kunstig intelligens (KI) innan mammografifeltet. Ein håpar å relativt raskt kunne vise effekt i form av noko redusert tidsbruk for radiologspesialist.

**Mikrobiologisk avdeling** er i all hovudsak tilbake til prepandemisk drift. Molekylærbiologisk seksjon har likevel hausten 2022 utvikla nye analysetilbod (tilsvarande øvrige sjukehus i Helse Vest) for å dekke etterspurnaden etter meir omfattande luftvegsdiagnostikk enn før pandemien.

I 2022 endar ein med om lag stabilt tal analysar innan bakteriologi og serologi, dette vert vidareført. Etter rekruttering av legespesialistar seinare år, er overlegegruppa per no stabil, men vi har likevel heile tida behov for å rekruttere ulike fagfolk. Avdelinga har vore akkreditert etter ISO-standard for laboratorium frå 2016, og er resertifisert hausten 2022.

Avdelinga er del av tenesteutviklingsprosjektet for laboratoria som skal arbeide fram løysingar for automasjon av laboratoria, men også arbeide for auka samarbeid, oppgåvegledning og modernisering samt forbetring av arbeidsprosessar.

**Avdeling for patologi** handterer diagnostikk av vevs- og celleprøver. Laboratoriet er i ein omstillingsprosess der delar av drifta vert digitalisert og automatisert. Utviklinga er nødvendig for å handtere utviklinga med aukande tal prøver og meir kompleks diagnostikk. Særskilt innan kreftdiagnostikk og -behandling aukar behovet for diagnostiske tenester. I 2022 er regional digital patologi system sett i verk for digital diagnostikk av vevsprøver. Dette legg til rette for regional samhandling. Vidare utvikling av systemet vil effektivisere og kvalitetssikre diagnostikk dei komande åra.

Nasjonalt program for tarmscreening vert innført i Noreg, og denne diagnostikken er eit prioritert område i avdelinga. Innføringa er ressurskrevjande klinisk (medisinske poliklinikkar) i laboratoriet. Krav til dokumentasjon og presisjon er auka både for screeningprøver og kliniske prøver for øvrig. For å møte gjeldande krav om kvalitetssikring, arbeider avdelinga aktivt mot akkreditering.

Avdelinga har vidare fokus på forskning med bistand til kliniske studiar, regional biobank og digital patologi. Nye medikament og ny teknologi innan fagfeltet gir gode moglegheiter for forskning og utvikling. Nye metodar i avdelinga medfører behov for å prioritere ressursar og kompetanse. Rekruttering og stabilisering er dels krevjande.

**Laboratorium medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB)** er i prosess med utskifting av eldre medisinskteknisk utstyr på lokalsjukehusa. Med ein modernisert utstyrspark vil ein få større grad av standardisering av laboratorieanalysar på tvers av sjukehusa i føretaket.

Ved Førde sentralsjukehus pågår eit større prosjekt for innføring av automasjonsline fram mot sommaren 2023. Dette vil innebere at noverande manuelle prosessar, heilt frå mottak av prøver til arkivering og utsending av prøvesvar til slutt, blir automatiserte. Laboratorieprøver inngår i nesten all diagnostikk, og innføring av automasjon i laboratoria vil redusere svartider og auke kapasitet for eit stadig aukande tal prøver utan vesentleg auke i bemanning. Etablering av rørpост vil effektivisere blodprøverundar i avdelingane frå 2024.

LMBB skal i 2023 oppgradere laboratorieinformasjonssystemet Prosang (gjeld blodbank). IKT-fornyng krev førebuing, tilpassing og opplæring. Arbeidet mot akkreditering i henhold til regional plan for laboratorietenester i Helse Vest, vert vidareført i 2023 i den grad ein kan avsetje ressursar til dette.

Rekrutteringssituasjonen for bioingeniørar er særskilt krevjande, og laboratoriet er avhengig av å rekruttere til ledige stillingar for å lukkast med planlagt aktivitet i 2023.

**Samhandling og tverrprofesjonelle tenester.** Største pågåande utviklingsprosjekt vil også i 2023 vere å utvikle habiliterings- og rehabiliteringstenestene i tråd med nasjonale og regionale tilrådingar. Arbeidet skjer i samhandling med kommunane og i tett samarbeid med avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (ANRR), barne- og ungdomsavdelinga (BUA) og dei to lokalsjukehusa.

I poliklinikken er ein i samarbeid med kreft- og barne- og ungdomsavdelinga (BUA) i ferd med å etablere eit eige teknologirom som er tilrettelagt for bruk av VR (virtuell virkelighet) til bruk som trening/stimulering. I samarbeid med kreftavdelinga vil vi prøve ut VR som del av lindrande behandling. Seinhausten 2022 er det etablert tilbod om digitale sosionomtenester til lokalsjukehusa. Tilbodet vil bli vidareutvikla i 2023.

Medisinsk heimebehandling er forvaltarar av behandlingshjelpemiddelordninga. Ordninga er ein viktig del av det utadvende sjukehuset ved å syte for utstyr til medisinsk behandling der brukarane lever og bur. Det er ei ønskt utvikling at pasientar får meir behandling heime.

Feltet opplever ei rivande teknologisk utvikling. Eit aktuelt døme er insulinbehandling der ny sensorteknologi lettar behandlinga for menneske med diabetes. Samstundes har vi budsjettmessig høg risiko knytt til området. Tal leveransar av utstyr og tilhøyrande forbruksmateriell stig med om lag 10 prosent kvart år. Ein vil i det kommande året arbeide vidare med å utvide eksisterande lager- og logistikkapasitet, dessutan for å auke resirkuleringsgrad av behandlingshjelpemiddel. Eininga deltar i eit regionalt arbeid med innføring av felles forvaltningssystem.

**Avdeling for medisinsk sekretærtjeneste** handterer sekretær oppgåver for avdelingane i medisinsk klinikk ved FSS, samt for heile NSH og LSH. I samarbeid med avdelingane søker ein moglegheiter for oppgåvegliding, betre samarbeid om ventelister, langtidsplanlegging og ulike moderniseringar gjennom teknologi. Det kjem til nye sekretær oppgåver til dømes knytt til brukarstyrte poliklinikkar/oppfølging. Samstundes effektiviserer vi på andre område. I løpet av første halvdel av 2023 vil alle innkallingsbrev vere digitaliserte, noko som sparar tid. «Sjølvetent» innsjekk og betaling vil også avlaste sekretærene knytt til poliklinikkane.

**Medisinsk avdeling** driv sengepostar, poliklinikk og dialyse ved alle tre sjukehus samt akuttmottak på FSS. Medisinsk avdeling har i 2022 starta prosjekt for å etablere den første brukarstyrte poliklinikken (for pasientar med inflammatorisk tarmsjukdom, IBD), og forhåpentlegvis blir dette tilbodet rulla ut til dei første pasientane våre i 2023.

Poliklinikkane arbeider framleis kontinuerleg med å kunne tilby fleire pasientar video- og telefonkonsultasjonar, sidan i haust med spesielt fokus på lokalsjukehusa. I november 2022 starta tarmscreeningsprogrammet opp i Helse Førde med testing for blod i avføring og innkalling til coloscopi av dei med positiv prøve. Medisinsk avdeling jobbar med kapasitet og kvalitetssikring av tenesta.

Avdelinga har pågåande rekrutteringsprosessar for legespesialistar, og driv utstrekt utdanningsarbeid for LIS-legar.

Det er godt samarbeid mellom seksjonane på dei tre sjukehusa. I 2022 har både legar og sjukepleiarar ambulert ut frå FSS og mellom lokalsjukehusa for å avhjelpe drifta etter behov. I tillegg er det tett samarbeid rundt ventelister. For medisinsk avdeling er samarbeidet viktig både av omsyn til kvalitet/kontinuitet og økonomi. Særskild ser ein moglegheit for å redusere kostnader til legevikarar, så dette arbeidet vert prioritert også i 2023.

Fleire pasientar får heimedialyse no enn for nokre år sidan, og avdelinga kan i 2023 justere ned den intrahospitale dialyseverksamda ved FSS.

Medisinsk avdeling driv også utviklingsarbeid og tenesteutvikling i samarbeid med Nye Førde sjukehus/Pasientens helseteneste. Pilot for tenesteutvikling i sengepostar har gått føre seg i ca. eitt år ved medisinsk sengepost FSS. Her blir kontinuerleg nye arbeidsprosessar og organisering gjennomgått og tilpassa moderne sjukehusdrift for framtida. Det pågår også tenesteutvikling og forbetningsarbeid for akuttmottak og observasjonspost.

**Barne og ungdomsavdelinga (BUA)** har gjennom 2022 hatt noko meir utfordringar med å rekruttere til LIS-stillingar enn det ein har vore vane med. Dette har betra seg i løpet av hausten. I tillegg til prosjektet knytt til ny sengepost saman med kvinneklinikken i nybygget, er prosjekta med avansert heimesjukehus (AHS) og barnepalliasjon godt i gang.

Arbeidet med å styrke habiliteringstilbodet for barn og unge held fram i 2023. Avdelinga deltek i utviklingsprosjektet for framtidig habilitering og rehabilitering i Helse Førde.

Fleire tilsette er under vidareutdanningar (diabetes- og epilepsifeltet) noko som vil styrke pasienttilbodet og opne for ytterlegare oppgåvegliding i 2023. Neste år startar to sjukepleiarar vidareutdanningar innan avansert klinisk nyfødtsjukepleie.

**Kreftavdelinga:** Fagområda onkologi (kreft) og hematologi (blodsjukdomar) er i stor utvikling. Avdelinga opplever auka aktivitet både i sengepost og poliklinikk. Nye medikament og kompliserte kombinasjonar gir budsjettmessig risiko på kostnadssida, men krev også løpande fagleg oppdatering og utvikling. Både nyoppdaga kreft, og individtilpassa medikamentell behandling krev tett oppfølging av god kvalitet.

Palliativt team tilbyr ambulante tenester i tett samarbeid med kommunane. Ein planlegg med uendra drift i 2023.

Avdelinga vektlegg å delta i kliniske studiar for medikamentutprøving og har bygd opp eit team med god erfaring på feltet. Det er gledeleg at aktiviteten er aukande og at fleire pasientar no får tilbod om deltaking i studiar.

Avdelinga arbeider løpande med rekruttering og utdanning av nye spesialistar innan begge fagområda.

Avdelinga arbeider vidare med å auke andelen digitale konsultasjonar, og driv pågåande forbetningsarbeid for oppgåvegliding og effektivisering/tenesteutvikling, mellom anna for pakkeforløp nyoppdaga lymfom, koding og organisering av visitt i sengeposten.

**Hudavdelinga** har etablert nytt lærings- og meistringskurs for psoriasispatientar, og dette blir vidareført på årleg basis. Fagutviklingssjukepleiar ved avdelinga tek vidareutdanning innan dermatologisk sjukepleie, dette er del av kompetanseplanen i avdelinga.

Arbeidet med dagslysrom vart sett på vent under pandemien, men vert ferdigstilt i 2023. Dette vil både forenkle behandlinga og sikre kvalitet.

Ein vil i 2023 framleis fokusere på oppgåvegliding frå lege til sjukepleiar, aktuelle kategoriar er eksemsamtale for pårørande til barn med atopisk eksem, pasientinformasjon ved tilstandar som skabb, sårbehandling samt enklare vortebehandling. PDT-behandling (mot solskadar/forstadier til hudkreft) er tradisjonelt utført av lege, men etter undervisning er sjukepleiarar no i gang. Målet er å auke andelen i 2023. Oppgåvegliding vil auke kapasiteten og betre pasienttilbodet totalt sett, dette gjennom frigjering av legetimar.

Vi opprettheld desentrale poliklinikkar ved at hudlege ambulerer ut frå FSS, og arbeider for å auke delen videokonsultasjonar ytterlegare. Rekrutteringssituasjonen er utfordrande, og det vert arbeid aktivt for å utdanne eigne spesialistar.

**Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (ANRR)** driv nevrologisk poliklinikk, revmatologisk poliklinikk samt felles sengepost for nevrologi, revmatologi og rehabilitering. Utfordringar knytt til rekruttering har ført til at aktivitet i poliklinikkane har variert i gjennom 2022 og det har resultert i fristbrot innan nevro-fagområdet. Legesituasjonen ser betre ut for 2023, så vi planlegg for at den polikliniske aktiviteten vil auke.

Hausten 2022 reduserte avdelinga tal senger i sengeposten frå 22 til 19, med tilhøyrande justering av bemanningsplan og tal årsverk. Raskare utgreiingar, forbetra behandling for nokre pasientgrupper inneber reduksjon i liggetid og lågare belegg.

ANRR vil framleis fokusere på forbetningsarbeid og tenesteutvikling, dette for å møte krav og forventningar frå brukarar, nasjonale føringar og lokale prosjekt som Nye Førde sjukehus. Avdelinga deltek i fleire forskingsprosjekt/studiar innan nevrologi og revmatologi.

**Forskning.** Medisinsk klinikk har fokus på forskning. Klinikken deltek innanfor satsingsområda til Helse Førde, og har forskingsprosjekt innanfor mikrobiologi, patologi, nevrologi, revmatologi, barn, medisin og kreft. I tillegg deltek vi aktivt og i aukande grad i multisentrisk legemiddelforskning innanfor kreft og medisin. Laboratorium for medisinsk biokjemi, avd. for patologi og radiologisk avdeling støtter opp under mange av forskingsprosjekta.



## 3 Økonomi

### Føresetnader i budsjett 2023:

Føresetnader for budsjett 2023 er ei vidareføring av aktivitetsplan i 2022, med netto prisendring på 93,9 millionar kroner. I høve budsjett 2022 er det i budsjettet for 2023 innarbeidd tiltak for 7,1 millionar kroner.

Lønskostnader er justert med 4,2 prosent.

Det er lagt inn 3,0 prosent prisauke på varekostnader og andre driftskostnader.

ISF-inntektene er justert opp med 3,65 prosent. DRG-pris for 2023 er på kroner 49.484,-.

I statsbudsjettet er det vedteke å endre refusjon av ISF frå 50 prosent til 40 prosent, endringa medfører tilsvarande auke i basisramme.

Utover dette er det nytta ei generell prisjustering på inntektene på 3,8 prosent.

Prisendringar på 93,9 millionar kroner er summert i følgjande tabell:

<b>Prisendring 2023</b>	
Lønsvekst - 4,2%	25 784
Justering pensjonskostnad	7 101
Prisvekst kostnader - 3,0%	7 967
Prisjustering ISF - 3,65%, reduksjon ISF refusjon frå 50% til 40%	56 699
Prisendring andre inntekter - 3,8%	- 3 665
<b>Sum prisendringar 2023</b>	<b>93 886</b>

### Basistilskot 2023:

Med bakgrunn i gitte føresetnader, blir ramma for klinikken som følgjer:

<b>Basistilskot 2023 Medisinsk klinikk</b>	
<b>Basistilskot budsjett 2022</b>	<b>518 113</b>
Realendring	7 700
Overføring ramme til/frå Stab og støtte, netto	35
Styrking lønnsoppgjer 2022	5 234
Krav til innsparing	- 7 161
<b>Sum budsjettendring</b>	<b>5 808</b>
Prisendringar	93 886
<b>Sum basistilskot 2023</b>	<b>617 807</b>

Realendringar lagt inn i budsjett 2023 er:

- 4,0 millionar kroner til medisinsk heimebehandling for å demme opp for den årlege veksten innanfor området. Dette er eit område som har synt svært høg prisvekst i 2022.
- Budsjetttramme for H-resept er styrka med 1,5 millionar kroner.
- Medikamentbudsjett er styrka med 1,0 million kroner.
- 1,2 millionar kroner til heilårsverknad av stillingar knytt til oppbygging av rehabiliteringsavdeling. Startløyving gitt i budsjett 2022.

Andre endringer i klinikken si ramme:

- Samling av kostnader for kopimaskiner (IKT), overført kroner 65.000,- til ramme stab og støtte.
- DRG-controllarer er frå budsjett 2023 samla i økonomiavdelinga, og det er overført kroner 800.000 i ramme til stab og støtte.
- Det er overført 1,5 stilling frå medisinskteknisk avdeling (teknikar ressurs) til medisinsk heimebehandling. Ramme på kroner 900.000 er tilført medisinsk klinikk.

### Budsjett 2023:

Med utgangspunkt i endra ramme, prisjustering og vidareføring av tiltak budsjett 2022, blir budsjettet for medisinsk klinikk i 2023 følgjande:

Medisinsk klinikk	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (2022 - kr.)	Budsjett 2023	Budsjett- endring B23 - B22	Prisendring B23-B22	Budsjett endring %
ISF inntekter	- 352 514	- 377 037	- 377 037	- 320 007		57 030	0,0 %
Gjestepasient inntekter	- 7 408	- 9 067	- 9 067	- 9 398		- 331	0,0 %
Poliklinikk og andre pasientinntekter	- 82 394	- 84 797	- 87 177	- 90 483	- 2 380	- 3 306	2,8 %
Basistilskot	- 21 270	- 518 113	- 523 921	- 617 807		- 93 886	1,1 %
Øyremerka midlar	- 6 062	- 2 944	- 1 296	- 1 296	1 648		-56,0 %
Andre inntekter	- 10 340	- 8 113	- 8 893	- 9 251	- 779	- 359	9,6 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>- 479 988</b>	<b>- 1 000 072</b>	<b>- 1 007 391</b>	<b>- 1 048 243</b>	<b>- 1 511</b>	<b>- 40 852</b>	<b>0,7 %</b>
Varekostnader og Helsetjenester	268 267	243 634	242 737	250 041	- 898	7 305	-0,4 %
Lønn til fast ansatte og vikarer	458 824	468 525	465 448	484 997	- 3 077	19 549	-0,7 %
Variable tillegg og overtid	51 263	38 353	39 758	41 428	1 405	1 670	3,7 %
Feriepenger og sosiale kostnader	201 400	210 361	211 555	223 721	1 195	12 166	0,6 %
Lønnsrefusjoner	- 29 641	- 27 350	- 28 053	- 29 231	- 702	- 1 178	2,6 %
Innleie av personell	20 454	4 773	9 302	9 693	4 530	391	94,9 %
Diverse personalkostnad	6 059	5 200	5 229	5 413	30	184	0,6 %
Reisekostnader	3 171	2 761	3 466	3 570	705	104	25,5 %
Øvrige kostnader	53 946	53 817	57 948	58 610	4 131	662	7,7 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 033 744</b>	<b>1 000 072</b>	<b>1 007 391</b>	<b>1 048 243</b>	<b>7 319</b>	<b>40 852</b>	<b>0,7 %</b>
Sum finanskostnader	4						
<b>Sum</b>	<b>553 759</b>				<b>5 808</b>		

For dei største områda er endringane frå budsjett 2022 til budsjett 2023 nærare forklart i tabellane under.

### Inntekter:

Endringane innanfor pasientinntekter (ISF-inntekter, gjestepasientinntekter og poliklinikk - andre pasientinntekter) vert oppsummert i følgjande tabell:

Pasientinntekter	B23	B22	B23-B22
<b>Budsjett</b>	<b>- 419 888</b>	<b>- 470 902</b>	<b>51 013</b>
Reduksjon inntekt Mikrobiologi			2 343
Auka inntekt Patologi			- 1 819
Auke inntekt LMBB			- 795
Auke aktivitet Radiologi			- 619
Sum av justeringar av inntekter i klinisk verksemd iht prognose			- 1 490
Prisendring - endring ISF refusjon frå 50% til 40%			53 393
<b>Sum endring, auka inntekt</b>			<b>51 013</b>

Inntekter innsatsstyrt finansiering (ISF) er ei vidareføring av budsjett 2022 for både egne pasientar og gjestepasientar.  
Endring innan refusjon frå Helfo for laboratoria har bakgrunn i forventa endring av aktiviteten.

### Varekostnader:

Følgjande tabell oppsummerer endringar i varekostnader:

Varekost og øvrige kostnader	B23	B22	B23-B22
<b>Budsjett</b>	<b>308 652</b>	<b>297 451</b>	<b>11 201</b>
Styrking av H-resept, medikament			1 500
Styrking av medisinsk heimebehandling			4 000
Styrking av nevromedikament			1 000
Justering budsjett varekostnad patologi - øymerka midlar			- 807
Ikkje budsjetterte korona kostnader Mikrobiologi			- 1 046
Flytting av kostnad tilsynslege frå varekost til lønn LMBB			- 785
Tiltak, varekost barne- og ungdomsavdelinga			- 300
Sum av fleire mindre endringar på varekostnad i klinikken			- 328
Prisendring			7 967
<b>Sum endring</b>			<b>11 201</b>

H-resept medikament, medisinsk heimebehandling og medikament er samla styrka med 6,5 millionar kroner i budsjett 2023. Som ROS-analysen i kapittel 7 syner, så er det likevel desse områda med størst risiko i budsjettet for klinikken.

### Personalkostnad:

Samla har personalbudsjettet ein auke på 37 millionar kroner i høve budsjett 2022. Følgjande tabell oppsummerer endringane frå 2022 til 2023:

Lønn- og personalkostnader	B23	B22	B23-B22
<b>Budsjett</b>	<b>739 591</b>	<b>702 621</b>	<b>36 970</b>
Tiltak lagt inn i budsjett - lønskostnad			- 4 311
Oppbudsjettering reisekostnad			705
Styrkning lønsoppgjær 2022			5 234
Overføring av 1,5 stilling frå MTA til BHJ			900
Justering tidlegare "budsjettavvik" sosiale kostnader Medisinsk serviceavdeling			1 000
Overføring av drg-controlller til økonomiavdelinga			- 800
Styrking av budsjett variabel lønn - innleie firma			1 453
Sum av mindre justeringar			- 96
Justering pensjon			7 101
Prisendring			25 784
<b>Sum endring</b>			<b>36 970</b>

I budsjett 2023 er det lagt inn innsparingstiltak på 4,3 millionar kroner innanfor personalområdet. Tiltaka er nærare oppsummert i tiltakstabellen.

Lønsoppgjæret for 2022 vart dyrare enn budsjettert. Det er gitt ein kompensasjon på 5,2 millionar kroner for dette.

**Tiltak:**

Med utgangspunkt i dei skisserte endringane frå drift 2021 til budsjett 2022, har medisinsk klinikk følgjande tiltak i budsjett 2022:

<b>Oppsummert tiltak budsjett 2023</b>	
Auke inntektsbudsjettet	- 2 550
Innsparing varekost	- 300
Innsparing lønnskostnader	- 4 311
<b>Sum tiltak</b>	<b>- 7 161</b>

<b>Tiltak budsjett 2023</b>	
<b>Patologisk avdeling:</b> Inntektsauke Helfo	- 1 500
<b>LMBB:</b> Inntektsauke Helfo, vakant stilling	- 1 200
<b>Radiologisk avdeling:</b> Intektsauke Helfo, vakant stilling	- 900
<b>Samhandling og tverrprofesjonelle tenester:</b> Vakansar fyrste halvår	- 1 000
<b>Nevrologi, revmatologi og rehabilitering:</b> Reduksjon overtid, reduksjon kjøp teneste klinisk nevrofysiologi	- 1 000
<b>Barne- og Ungdomsavdelinga:</b> Vakante stillingar	- 1 500
<b>Medisinsk avdeling:</b> Personalkostnad dialyse FSS	- 1 561
<b>Kreftavdelinga:</b> Reduksjon vikarbudsjett legar	- 500
<b>Styrking av budsjettet internt.</b> Styrking medisinsk sengepost FSS, ymse	2 000
<b>Sum netto tiltak</b>	<b>- 7 161</b>

Det er utarbeidd eigen overordna ROS-analyse for tiltaka i klinikken, sjå kapittel 7.

## 4 Aktivitet

Aktivitet - Medisinsk Klinik		Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Plan 2022	Plan 2023	Endring B23 - B22
DRG-poeng dag/døgn/poliklinikk	A	13 571	12 886	13 328	13 509	13 849	<b>13 790</b>	-59
DRG-poeng H-resept	A	1 711	1 827	1 723	1 980	1 921	<b>1 980</b>	59
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar), B	B	164	193	235	199	237	<b>237</b>	0
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	A+B	15 446	14 907	14 907	15 688	16 007	<b>16 007</b>	0
DRG-poeng pasientar beramta i andre regionar, Feiring	C	40	15	15	25	25	<b>25</b>	0
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	15 322	15 322	15 322	15 514	15 795	<b>15 795</b>	0
Tal dagbehandling		9 341	9 708	10 214	9 299	10 100	<b>9 300</b>	-800
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		9 934	9 431	9 841	9 712	10 000	<b>10 000</b>	0
Tal polikliniske konsultasjonar		52 634	51 952	56 432	54 880	55 800	<b>54 880</b>	-920

Budsjettert tal produserte DRG-poeng for døgn/dag/poliklinikk er lik budsjett 2022. H-resept er auka med 59 poeng, dette grunna forventa auke i både kostnader og inntekter. Gjestepasientar og kjøp av tenester frå Feiringklinikken er vidareført i høve plan 2022.

Budsjettert tal dagbehandlingar innanfor dei ulike einingane i klinikken syner følgjande:

Dagopphald-dagbehandling	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Plan 2022	Plan 2023	Endring plan 2023 - 2022
Dialyse Førde	2 350	2 225	2 177	1 864	2 271	1 864	-407
Dialyse Lærdal	1 403	1 407	1 396	1 360	1 395	1 360	-35
Dialyse Eid	1 012	661	862	1 026	784	1 026	242
Medisinsk seksjon Førde	53	40	54	58	56	58	2
Kreft poliklinikk	2 954	3 029	2 981	3 070	2 981	3 070	89
Hud poliklinikk	11	18	12	11	12	11	-1
Barne poliklinikk Førde	117	376	352	93	404	93	-311
Medisinsk poliklinikk Førde	598	450	437	415	485	415	-70
Medisinsk poliklinikk Lærdal	294	418	569	853	483	854	371
Medisinsk poliklinikk Eid	454	540	560	530	531	530	-1
Nevrologisk poliklinikk	95	544	814	19	699	19	-680
<b>Sum dagopphald</b>	<b>9 341</b>	<b>9 708</b>	<b>10 214</b>	<b>9 299</b>	<b>10 100</b>	<b>9 300</b>	<b>-800</b>

Tal dagbehandlingar for dialysepasientar er justert i høve forventa tal pasientar, inklusive heimedialyse.

Auken innan barn og nevrologi skuldast endring i kodesystemet som gjer at ein del konsultasjonar vert registrerte som dagpasientar og ikkje poliklinikk. Elles er plan satt opp i høve prognosen for 2021.

Heildøgnsopphald	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Plan 2022	Plan 2023	Endring plan 2023 - 2022
Barne sengepost Førde	656	585	698	683	665	683	18
Medisinsk sengepost 1 og 2 Førde	3 925	4 085	3 974	3 744	4 097	4 032	-65
Medisinsk sengepost Lærdal	1 464	1 439	1 586	1 689	1 479	1 689	211
Medisinsk sengepost Eid	1 721	1 457	1 653	1 693	1 688	1 693	5
Kreft sengepost	740	637	740	707	750	707	-43
AFMR - sengepost ANRR	34	34	29	34	34	34	0
Nevrologi - sengepost ANRR	1 382	1 185	1 146	1 152	1 278	1 152	-126
Revmatologi - sengepost ANRR	12	9	15	10	10	10	0
<b>Sum heildøgn opphald</b>	<b>9 934</b>	<b>9 431</b>	<b>9 841</b>	<b>9 712</b>	<b>10 000</b>	<b>10 000</b>	<b>0</b>

Tall sjukehusopphald er ei vidareføring av plan for 2020 og 2021. Det er ikkje teke omsyn til endingar grunna koronapandemien. Dei justeringane som er gjort er med bakgrunn i endra DRG-indeks og auke av dagpasientar innanfor barn og nevro.

Polikliniske konsultasjoner	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Plan 2022	Plan 2023	Endring plan 2023 - 2022
Pediatriisk poliklinikk Førde	4 049	3 787	3 958	3 655	4 352	3 655	-697
Pediatriisk poliklinikk Eid	294	225	197	111	212	111	-101
Pediatriisk poliklinikk Lærdal	58	43	48	29	60	29	-31
Hud poliklinikk samla	12 930	12 541	12 576	10 920	12 417	10 920	-1 497
Medisinsk poliklinikk Førde	11 446	11 882	13 187	12 951	12 716	12 951	235
Medisinsk poliklinikk Eid	5 238	4 855	5 735	5 130	5 661	5 130	-531
Medisinsk poliklinikk Lærdal	2 797	2 838	3 368	3 974	3 276	3 974	698
Medisinsk poliklinikk Florø	183	292	281	406	238	406	168
Kreft poliklinikk	2 651	2 784	3 311	4 070	3 164	4 070	906
Barnehabilitering	129	142	150	413	139	413	274
AFMR/smertepoliklinikk	2 868	3 808	4 961	4 626	4 662	4 626	-36
Nevrologisk poliklinikk	4 736	3 835	4 332	4 334	4 372	4 334	-39
Revmatologisk poliklinikk	5 058	4 920	4 328	4 261	4 530	4 261	-269
Rehabilitering Eid	197	0	0	0	0	0	0
<b>Sum poliklinikk</b>	<b>52 634</b>	<b>51 952</b>	<b>56 432</b>	<b>54 880</b>	<b>55 800</b>	<b>54 880</b>	<b>-920</b>

I budsjettet for poliklinisk aktivitet har vi teke utgangspunkt i prognosen for 2021. I tillegg er det korrigert for at noko aktivitet no vert registrert som dagpasientar.

## 5 Bemanning


### Månadsverk:

Tabellen under syner utvikling av netto månadsverk per avdeling i medisinsk klinikk. Endring er i høve budsjett 2022. På grunn av koronapandemien er faktiske månadsverk i 2021 og 2022 høgare enn budsjett.

Netto månadsverk	Snitt 2021	Budsjett 2022 (A)	Snitt jan-okt 2022	Budsjett 2023 (B)	Endring B-A	Merknad
Avdeling for medisinske sekretærenester	51,1	43,2	48,4	43,2	0,0	
Avdeling for Nevrologi, Revmatologi og Rehabilitering (ANRR)	63,4	62,2	60,9	59,3	-2,9	tiltak, flytt til medisinsk avdeling
Avdeling for patologi	19,2	20,7	19,8	20,7	0,0	
Barne- og ungdomsavdeling	55,8	56,0	57,2	55,0	-1,0	tiltak
Hud avdeling	15,6	14,9	13,1	14,3	-0,5	vakant sjukepl.stilling
Kreftavdelinga	45,4	44,6	47,6	44,6	0,0	
Lab. medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB)	54,6	54,8	55,0	54,3	-0,5	vakante stillingar
Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	40,8	47,9	42,0	49,4	1,5	overføring frå MTA
Medisinsk avdeling	278,7	251,1	270,9	257,3	6,3	styrking
Mikrobiologisk avdeling	27,8	27,1	26,7	25,8	-1,3	justering
Radiologisk avdeling	66,8	63,6	65,6	63,1	-0,5	vakanse
Klinikk medisin felles	4,2	4,4	4,3	2,9	-1,5	flytting av drg kontrollar
<b>Sum Medisinsk klinikk</b>	<b>723,4</b>	<b>690,4</b>	<b>711,4</b>	<b>689,9</b>	<b>-0,5</b>	

## Sjukefråvær:

Sjukefråværet i medisinsk klinikk hadde ein auke i 2022, spesielt i vinter/vår. Målet for klinikken er å ha rundt 6 prosent fråvær. Arbeid med HMS og sjukefråvær er eit av dei viktige fokusområda i klinikken i 2023.



Grunna koronapandemien og andre luftvegsinfeksjonar har vi hatt relativt store variasjonar i krotidsfråværet i 2022. Det har siste månadene vore ein positiv utvikling av fråværet.



## 6. Budsjettprosess

Det har frå august vore involvering av tillitsvalde og verneteneste i budsjettprosessen i alle avdelingar. Kvar avdeling har utarbeidd budsjettframlegg med tilhøyrande ROS-analyse innanfor si tildelte ramme.

Prosess vedr. budsjett 2023		
Møtedato	Deltakarar	Tema
4. mai	Avdelingssjefar	Prognose 1 - 2022 levert
24. august	Klinikkdirektør	Innspel realendringar budsjett 2023
15.-16. september	Avdelingssjefar	Samling Sandane. Budsjett 2023 tema.
13. september	Klinikkdirektør	Budsjetttrammer og realendringar handtert i føretaksleinga.
21. september	Avdelingssjefar	Gjennomgang godkjente realendringar og førebels ramme
22. september	KAMU	Informasjonsmøte om rammer og prosess
8. oktober	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Prognose 2- 2022 ferdig
oktober-november	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Budsjett fast tema på alle leiarmøter og klinikkråd
21. oktober	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Frist for å levere budsjett i høve tildelt ramme. Utarbeiding av budsjett på konto nivå med involvering av tillitsvalde og vernetenesta. ROS analyse på avdelingsnivå.
4. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Informasjonsmøte om budsjett 2023
11. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Drøftingsmøte om budsjett 2023
17. november	KAMU	Informasjon budsjett 2023

## 7. Overordna ROS analyse budsjett 2023

Risikomatrise						
Konsekvens (1-5)						
Sannsynleg (1-5)		1. Ubetydeleg (ikkje alvorleg)	2. Liten (mindre alvorleg)	3. Moderat	4. Alvorleg	5. Svært alvorleg/kritisk
	5. Svært stor			2b, 2c		
	4. Stor		2d	1a, 3b		
	3. Moderat		2a			
	2. Liten		5	1b		
1.Svært liten			4	3a, 6		

Nr	Område	Hending	San 1-5	Kon 1-5	Risiko San x Kon	Kommentarar/tiltak	Ansvar
1a	Pasientinntekter	Når ikkje inntektsbudsjettet i ein/fleire kliniske avdelingar	4	3	12	- Månadleg oppfølging av aktivitetstal og koding (ISF inntekter)	Klinikkdirektør og controllar
1b	Inntekter lab/radiologi	Når ikkje inntektsbudsjettet i laboratorieavd. og radiologisk avd.	2	3	6	- Månadleg oppfølging	Klinikkdirektør og controllar
2a	Varekostnad	Utilstrekkeleg budsjett for kostbare medikament inne på sjukehusa (immunterapi, cytostatika m.m.)	3	2	6	- Månadleg oppfølging av medikamentkostnader	Klinikkdirektør og controllar, avdelingssjef kreftavdelinga
2b	Varekostnad	Utilstrekkeleg budsjett for HF-finansierte legemiddel	5	3	15	- Uendra satsing på forbetra legemiddeløkonomi innan H-reseptområdet ved å nytte LIS-avtalar (informasjon, oppfølging og tilbakemeldingar til forskrivningar)  - Konsekvens moderat då helseføretaket ikkje stoppar pasientbehandling	Klinikkdirektør og 5 avdelingar: medisin, kreft, barn, ANRR.

2c	Varekostnad	Utilstrekkeleg budsjett til behandlingshj.middel og forbruksmateriell jf. kostnadsnivå 2021	5	3	15	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Auke i prisar samt tal pasientar med behandlingstiltak.</li> <li>- Oppfølging nye produkt som blir lansert og bruken av desse.</li> <li>- Konsekvens moderat då helseføretaket ikkje stoppar pasientbehandling</li> </ul>	Seksjonsleiar MHB, avd.sjef, klinikkdirektør
2d	Varekostnad	Utilstrekkeleg budsjett til å dekke transportkostnader	4	2	8		
3a	Personalkostnad	Budsjetttiltak innan personalområdet fører til redusert HMS med t.d. auka sjukefravær	1	4	4	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Følge opp HMS-handlingsplanane.</li> <li>-HMS-avvik følgast av KD og HVO samt KAMU.</li> <li>-Oppfølging av sjukemelde: Tiltak med månadlege oppfølgingsmøte HR/NAV/BHT</li> </ul>	Leiarar på alle nivå, HR-rådgjevar, HVO
3b	Personalkostnad	Lukkast ikkje redusere personalkostnadene i avdelingane	4	3	12	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Følgje opp planlagde endringar på alle tre sjukehus</li> <li>-Arbeide med rekruttering og stabilisering, oppgåvegling og effektivisering gjennom teknologi.</li> </ul>	Avdelingssjef medisin
4	Reisekostnad	Held ikkje budsjettet for reisekostnader eller at budsjettet medfører vesentleg forverra høve til utdanning og fagutvikling	1	3	3	<p>Gode digitale løysingar for møte, men også for kurs/konferanse.</p> <p>Reisebudsjettet er auka i høve pandemiåra.</p>	
5	Kompetanse	Ikkje tilstrekkeleg budsjett til å syte for nødvendige kompetansetiltak (spesialistutdanning LIS, vidareutdanningar	2	2	4	Knapt budsjett i dei fleste avdelingar, men nok til dei høgast prioriterte vidareutdanningane.	

		spl., terapeutar m.fl.)					
6	Pasienttryggleik	Budsjetttiltak inneber reduksjon av kvaliteten i tilboda til pasientar, t.d. fleire fristbrot, lengre ventetid for høgt prioriterte (t.d. pakkeforløp kreft), redusert kvalitet for inneliggande pasientar (uønska hendingar, skadar el.a.)	1	4	4	Månadleg oppfølging avviksmeldingar, ventetider, fristbrot osv..  Omprioriteringar og tiltak ved behov.	